



Styremøte Bø museum

Dag: Torsdag 18. april 2024

Tid: kl.18.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Jørn Berget, Ingrid Smedstad, Kari Rast Monge, Geir Sønstebø, Kari Lønnestad, Ellen Schrupf (vara)

Frå drift: Bergit Li

Møtet starta med ein presentasjonsrunde

Sakliste

Sak 23/24 Godkjenne innkalling og sakliste

Godkjent

Sak 24/24 Godkjenne referat frå forrige møte

Godkjent

Sak 25/24 Konstituere nytt styre

Skrivar: Kari Rast Monge (frå neste møte)

Kasserar: Bergit Li

Nestleiar: Geir Sønstebø

Økonomiansvarleg: Kristin Kleppen

Sak 26/24 Gjennomgå/oppdatere organisasjonsplanen

Organisasjonsplanen blei drøfta. Ei gruppe som arbeider med samlingsforvaltning har kome med forslag til endring av organiseringa av dette. Forslaget er eit positivt initiativ, og det er viktig at museet har nytte av desse ressurspersonane i samlingsforvaltninga framover.

Vedtak: Arbeidsutvalet utarbeider forslag til ny organisasjonsplan og legg det fram for styret.

Vi ser det ikkje som tenleg å endre organiseringa av samlingsforvaltninga nå, men avventar tilsetting til hausten.

Sak 27/24 Plan for oppsetting av gjerde mot elva

Det er behov for ein som kan stå som ansvarleg for prosjektet. Me har tilsagn om 50.000 frå Sparebankstiftinga og det er andre aktuelle tilskotsordningar å søke på. Jørn tar kontakt med Håkon Strand for å spørje om han kan ta på seg ansvaret. Jørn kontaktar også Skoe ang material. Plasseringa av gjerdet bør markerast i terrenget slik at kommunen kan kome på befarung. Det må vera ei opning med ei grind ved Åheim. Bergit ber dugnadsgruppa sette opp markering. Geir kontaktar kommunen, teknisk, når markeringa er sett opp.

Sak 28/24 Vårdugnad

Vårdugnad på uteområdet blir 29. april fra kl. 1600. Bergit kontakter kanogruppa og hører om dei kan delta. Dugnadsgruppa blir spurt om dei kan rydde kvist mm på Kvennøya.

Sak 29/24 Stillingsannonse

Aktuelt å lyse ut på NAV, som er gratis. Lyse ut som ei prosjektstilling i 50% som formidlings- og samlingsansvarleg/arkivar, med søknadsfrist 1. juni og oppstart tidleg i september. Forslag til utlysingstekst er utforma av Ellen. Kristin kontakter NAV ang. annonsering.

Sak 30/24 Orienteringar

- Arbeidsplanen, Bergit sender den ut til styret.
- Oppgradering av bålplassen på Kvennøya, Bergit er i kontakt med kommunen og brannvesenet. Aktuelt å sette opp ein ring med steinar frå Steinsenteret.
- Mykje som skjer i mai, Bergit set opp dugnadsliste.
 - Baking med førskulen
 - Energi på Kvennøya, DKS for 6. klasse, fire dagar frå 26. mai.
- Andre arrangement i mai:
 - Arrangement med Asbjørn 7. mai
 - Kulturtur 28. mai
- Sandsdalen-kabareten hadde 31 betalande.
- Det er søkt om MVA-kompensasjon.
- Sommarutstillinga: Me treng tittel på utstillinga med tanke på annonsering, Bergit kontakter Evy. Opningsarrangement laurdag 29. juni kl 13.00.
- Pilegrimsvandringa 2. pinsedag, servering av suppe på Polen. Kristin kan koke. Kari L. og Bergit kan vera med, mogeleg også Kari RM.
- Møte ang. nettverket Soga 30. april i Skien. Kristin stiller.

Sak 31/24 Eventuelt

- Arbeidsplanen, sak om Østerli: Aktuelt å sjekke med kommunen om det finst evt heftelser. Geir kontakter dei.
- Vårmarknad på torget 4. mai. Kari L. og Ingrid stiller, Bergit kan også vera med noko. Bergit melder oss på.
- Neste styremøte på Østerli onsdag 22. mai kl. 18.00.
- Kontoen for Haugerud-arven endrast til 90 dagars oppseiing for å få høgare rente.

Ref. Kari L